

## Helseformidlaren

«Reportasjene hennes er preget av fakta og saklighet, og hun evner å formidle kompliserte medisinske fakta på lettfattelig vis.»



– For ein ekstrovert person som meg var det eit paradoks å vere forskar, seier Anne Hafstad i Aftenposten. Elleve år etter at ho gjekk over frå eit tilvære som forskar til eit virke innanfor helsejournalistikken, gjorde ho eit litt mindre hopp over til kommentatoravdelinga i avisa. No fôrar ho lesarane med observasjonar og meiningar frå helse- og sosialområdet, men ikkje meir enn to–tre dagar i veka. Det er viktig å ikkje bli oppbrukt, er gjeldande regel for kommentatorane.

Anne Hafstad fekk i haust Karl Evang-prisen for 2009 for sitt omfattande arbeid som helsejournalist. Karl Evang-prisen blir kvart år gitt til ein person eller organisasjon som har gjort ein særleg og framifrå innsats for å fremje anten folkehelsa eller sosiale forhold knytte til folkehelsa, for rettstryggleik og tryggleik i helse- og sosialtenestene, eller for opplysningsarbeid og deltaking i samfunnsdebatten om viktige helse- og sosialpolitiske spørsmål.

Hafstad har vore helsejournalist i Aftenposten sia 1998. Ho har dekt eit breitt spekter av helsestoff og har gjennom si innsikt og formidlingsevne drive omfattande helseopplysning. «Reportasjene hennes er preget av fakta og saklighet, og hun evner å formidle kompliserte medisinske fakta på lettfattelig vis,» sa juryen for Evang-prisen ved tildelinga.

Hafstad har også vore forskar ved Kreftregisteret, der ho arbeidde med ein doktorgrad om ungdom og røyking frå 1991 til 1996. I perioden 1996–1997 var ho forskar ved Statens institutt for folkehelse. Ho disputerte i 1997. I åra 1985–1991 var Anne Hafstad sjukepleiar-konsulent i Den norske kreftforening, og frå 1982 til 1985 arbeidde ho som sjukepleiar ved onkologisk avdeling ved Ullevål sjukehus.

– Eg var oppteken av formidling da eg byrja i Aftenposten. Spørsmålet var: Kven når ein frå Folkehelsa, og kven når ein frå Akersgata? I tillegg var eg forundra over kven journalistane brukte som kjelder da eg arbeidde med røykjeprosjektet.

Mange forskarar var nok også forundra over at Anne Hafstad gjekk over til journalistikken den gongen, men mange har hatt stor glede av denne overgangen.

– Eg kom til Aftenposten med sekken full av idéar. I starten blei det mange artikkelar om forskingsprosjekt. Eg skreiv og eg skreiv, og fekk sakene på trykk. Når det gjaldt å få tilgang til kjeldene, hjelpte det at eg hadde kontaktar frå før, men også at eg sjølv hadde ein doktorgrad, seier Hafstad.

Aftenposten var i si tid den einaste avisa som så tidleg valde å satse på helsejournalistikk ved å tilsetje ein journalist som berre skulle jobbe med dette fagområdet.

– Ingenting er for komplisert til å kunne formidlast til vanlege folk. Det gjeld både å ha korrekte fakta og å klare å gjere stoffet forståeleg. Vi må ha respekt for rolla til kvarandre, og eg synest at samarbeidet med forskarar og helsearbeidarar har vore smertefritt. Men eg har alltid syntest at det er meir spennande å skrive om systemet enn om enkeltpersonane. Likevel imponerer både pasientar og pårørande meg når dei står fram og gir problema eit ansikt, seier Hafstad.

Mange som kjenner seg feilbehandla av helsetenestene, kjem til Aftenposten med historiene sine.

– Inntrykket mitt er at svært mange av desse er misnøgde med behandlinga dei har fått i etterkant av feilbehandlinga. Dei fleste skjønner at det skjer feil, men helsetenestene har ein stor jobb å gjere når det gjeld å følgje opp feilbehandlingane. Dette er eit svakt punkt. Å vise empati og forståing med pasientar og pårørande etter ei feilbehandling, er ikkje det same som å vedgå feil. Eg trur folk er svært tolerante dersom dei blir tekne på alvor.

Anne Hafstad er oppteken av at ho som kommentator har fått ei meningsdannande rolle, og at det gir henne eit ansvar for å vise eit nyansert bilete av helsesektoren.

– Men eg skal vere krass nok når det trengst, seier ho.

Og vi trur henne!